

Møtereferat

Føremål: Dialogmøte med PKO
Møtetid: Torsdag 22.04.21
Stad: Join-møte, 701857
Referent: Jannicke Birkaas
Møteleiar: Svein Ove Alisøy
Saknr: 2021/1377

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Svein Ove Alisøy	Avdelingssjef	Psykiatrisk klinikk (PSK)	
Kaj Espen Nyland	Medisinsk fagleg rådgjevar	PSK	
Tor Christopher Fink	Seksjonsleiar	DPS dag	
Sigmund Bjørhovde	Seksjonsleiar	Legar PSK	
Elin Lysne	Seksjonsleiar	Rus døgn	
Arve Stokkebekk	Seksjonsleiar	DPS allmenn	
Marianne Engh Strandos	Seksjonleiar	DPS psykose og Tryggleik	x
Normund Rolleiv Svoen	Praksiskonsulent	Fag –og utviklingsavdeling	
Jan Ove Tryti	Praksiskonsulent Sogn	Fag –og utviklingsavdeling	
Anita Sørheim	Praksiskonsulent Nordfjord	Fag –og utviklingsavdeling	x
Jannicke Birkaas	Adm. sekretær/ref.	PSK	

AGENDA

Nr	Sakliste	Ansvarleg
1/21	Godkjenning av referat og aksjonspunkt frå førre møte, 05.11.20	Svein Ove Alisøy
2/21	LIS rekruttering. Vi tek gjerne imot LIS frå kommunane som treng praksis i sjukehus.	Svein Ove Alisøy
3/21	Psykiatrisk klinikk planlegg å utvide OP teamet (vårt ambulante team) med 3-4 nye stillingar. Kva tankar har fastlegane rundt dette?	Svein Ove Alisøy
4/21	Samarbeid om pasientar som treng behandling over tid	Svein Ove Alisøy
5/21	Eventuelt	

REFERAT

Nr	Innhald
1/21	Godkjenning av referat og aksjonspunkt frå førre møte, 05.11.20 Kommentar til sak 1/21 –punkt 2: Fagdag/webinar for allmennlegar. Dette er ressurskrevjande pga auka arbeidsoppgåver som følgje av covid-situasjonen. Ein lyt avvente dette.

2/21	<p>LIS rekruttering</p> <p>Svoen informerte om at han har formidla ut saka og at det vidare har vore lite respons. Det ser ut til at det ikkje er nokon som har tenkt å ta eit sjukehusår akkurat no. Erfaring viser at dei fleste vel nærområdet til praksisplass, så dette vil kanskje endre seg. Svoen føreslår at vi må satse sterkare på direkte marknadsføring.</p>
3/21	<p>Utviding av OP-teamet Psykiatrisk klinikk</p> <p>OP-teamet i psykiatrisk klinikk skal styrkast med 4 stillinger.</p> <p>Ein detaljert plan blir jobba med. Samhandling med fastlegegruppa vil vere nyttig, med styrka fokus på somatiske konsekvensar. Ein ser føre seg effekt med reduserte akutinnleggingar og bruk av tvang. Det er ynskjeleg med ei drøfting ilag med kommunane og fastlegegruppa på korleis vi kan få til god samhandling. Svoen påpeiker at det er viktig av at kommunane/psykiatritenesta blir involvert frå starten av arbeidet.</p> <p>Svoen informerer om at det er sett i gang ein stor arbeidsprosess kring struktur helsefellesskap som er avgjerande for samarbeid i 1. og 2. lina. Viktig at dei som kjenner pasienten og samarbeidet kring pasienten er med i arbeidsgruppene i denne prosessen.</p>
4/21	<p>Samarbeid om pasientar som treng behandling over tid</p> <p>Dette omfattar alle sengepostar og poliklinikk, og ein er avhengig av tett samarbeid med kommunen. Svoen informerer om forsterka psykiatriteneste i kommunane, med omfattande teneste. Fastlegen er ansvarleg, men tenesta i kommunen tek seg av dagleg oppfølging og utføring av sentrale oppgåver rundt desse pasientane. Det er difor avgjerande at psykiatritenesta blir tungt involvert. Svoen poengterer viktigheten av brukarstyrde senger.</p> <p>Det kan vere aktuelt med eit møte mellom Psykiatrisk klinikk og Sunnfjord og Kinn kommune (Florø) der Svoen kan vere med.</p>
5/21	<p>Eventuelt</p> <p>Alisøy informerer kort om endringar og organisering etter flyttinga til nybygg 1. mars.</p> <p><u>E-meistring:</u> Tilbodet er i ferd med å etablere seg.</p> <p><u>Brukarstyrt seng:</u> I dag er det to brukarstyrde senger på DPS døgn allmenn.</p> <p>Svein Ove legg fram oversikt statistikk over ØH-innlegging og totalt liggedøgn ved akutt døgn, fordelt på opptaksområda PSK, ISP og NPS, fordelt på kommune. Kinn og Sunnfjord med høgst folketal står for ein stor del, så godt samarbeid med desse kommunane og vårt DPS vil vere nyttig.</p> <p>Forslag om felles møte neste gang, der alle praksiskonsulentar møter. Svein Ove spelar dette inn til klinikkdirektør.</p>

Aksjonspunkt

Nr	Aksjonspunkt	Ansvarleg	Tid	Status